

Mathilde

Rapport om vedlikehald 2015

Vedlikehald av riggen

Mast, bom og andre rundholt i tre



Midtre del av masta vart skifta ut (sjå eigen rapport). Alle antenner og kablar i masta måtte demonterast og vart montert opp på nytt.

Alle rundholt vart skrapa og olja. I samanheng med masteskiftet vart riggen strammet opp to gonger i løpet av sesongen.

Storbom og klyverjagerbom har også fått to strøk olje i løpet av året.



Segl

Me kjøpte ny og benda unna ny stagfokk våren 2015. Liket på storseilet vart sydd opp igjen på ny, også liket på breifokka vart sydd opp igjen.

Ståande rigg

I samanheng med maste-reparasjonen gjekk me gjennom beslag og stående rigg. Alt av stående rigg har i løpet av året vorte lappsalva.

Vevlingane på babord side vart skifta ut med ny hamp, og vart lappsalva.

Me bytta stroppane på alle fallsikringsselane.

Løpende rigg



Topplenter, hekksbåttaljar, toppjollar vart fornya. All anna løpende rigg vart endesnudd og spleiser vart kledd og lappsalva på nytt.

Alle sytau på dekk har me skifta og lappsalva.

Alle blokkar vart tatt frå kvarandre, kontrollert, impregnert og smurde.

Vedlikehald av motor og andre tekniske installasjoner

Motor

Motor er gått over av mekanikar. Anodar, impellere, olje- og dieselfiltere vart skifta. Eksos, rør og slangar har me kontrollert.

Alle pumpar om bord er blitt ettersett og ordna.

Sentralvarmesystem

Fyr kjel og sentralvarme, alle rør og koplinger er gått over og kontrollert for lekkasjer.

Hjelpemotor

Motor er gått over av mekanikar. Anodar, impellere, olje- og dieselfiltere vart skifta. Eksosrør og slangar er kontrollert.

Elektriske installasjonar

Alle elektriske installasjonar er kontrollert.

Alt sikkerhetsutstyr (radioutstyr, nødpeilesendar, radartranspondere, brannsløkkingsutstyr, nødrakettar, linekastere, redningsvestlys, flåtar og medisin) er gjennomgått og klassa.

Tankar

Dieseltankar er tømt og rengjort, og inspisert av skipskontrollen.

1 gråvannstank, 2 septiktankar og 2 vasstankar tømt , rengjort og kontrollert for lekkasjar.

Vedlikehald og utbetringar under dekk og i byssa

I lugarane

Alle lugarane blei grundig rengjort etter sesongen, også under dørken.

I 2015 vart dørk i bestmannslugaren skifta. Hyller satt inn i skapet i kokkelugaren.

På banjeren

Nytt kjøleskap kjøpt og tilpassa.

Bordene er matta og lakka.

Kistene grundig vaska etter sesongen.

Skap og banjer vaska ned, også under dørken.

Me kjøpte nye benkeputer i banjeren.

Dørk og leider vart malt, også benkefrontane malt.

Benkeflatene i pantryet er matta og lakka.

Hengekøyene vaska etter sesongslutt.

I byssa

Hele byssa er malt utvendig. Byssefestet er matta og lakka, og stag rustbanket og malt opp igjen.

Innvendig byssa vasket grundig ned etter sesongen, Dørk og brønn i byssa er malt opp igjen. Komfyr og gass installasjon er reingjort og kontrollert for lekkasje. Rist i byssebrønn rengjort og malt.

Vask og rør system og vann låser kontrollert og reingjort etter sesongen.

Kjøleboks på dekk og grønsakskasse er vaska, malt eller lakka.

Toalettrom

Grundig nedvask etter sesong.

Vask og rør system og vasslåser kontrollert og reingjort etter sesongen.

Dørkar vart vaska og bona.
Benkeplater vart matta og lakka.

Arbeid utført ved slippsetting

Spyling av heile skroget. Drev opp igjen om lag 15 støyter. Skiftet 10 skipsspiker i undervass-skroget.

Skroggjennomføringar og bunnkranar tatt ut og inspisert av sjøfartsdirektoratet.

Skiftet offeranode.

Årlig bunnbesiktelse gjennomført av sjøfartsdirektoratet.

Stoffing av undervass-skroget.

Olja hekk og ror.

Kontrollerte ror beslag og fòringar.

Klassing

Skroggjennomføringar og bunnkranar vart tatt ut og inspisert av sjøfartsdirektoratet.

Årlig bunnbesiktelse gjennomført av sjøfartsdirektoratet ved slipping.

Alt sikkerhetsutstyr (radioutstyr, nødpeilesendar, radartranspondere, brannsløkkingsutstyr, nødrakettar, linekastere, redningsvestlys, flåtar og medisin) er gjennomgått og klassa før seglingssesongen.

Me fekk ingen pålegg frå sjøfartsdirektoratet ved klassing 2015.

Vedlikehald av dekk, rekke, dekkhus og anna på dekk

Topprekke, hekks-bjelkar og naglebenker

Skrapt ned og oljet.

Innvendig skansekledning og rekkestøtter

Rengjort for å bli kvitt grønske. Oljet og malt.

Dekk

Dekket blir i drift sesongen daglig spylt med sjøvann.

Dekket har en gått over og rabatert flekkvis og etterfylt med bek.

Dekk, skanndekk og støtter har fått to strøk med olje.

Innerspeil og rorkult har fått fleire lag olje.

Alle svanehalser , luftingar og skorsteinar er rengjort for rust og malt opp.

Ruff, lasteluke og nedgangar

Alle nedgangar (3 stk.) er skrapet og malt.

Ruff og lasteluke er skrapet, oljet og malt.

Utstyr på dekk

Ankerane (2 stk.) og kjettingar tatt i land, spylt og ankeret er malt. Ankervinsjen har fått

vanlig vedlikehald (oljet og malt). Krøppel spill smurt og malt.

Kjettingkassene spylt og reingjort, oljet og lokka er malt.

Alle livbeltekasser (5 stk.) er vasket og malt.

Tre nye flåtestativ montert.

Bosstønner og toalettvassstønner, brannpøser er vasket og oljet.

Fortøyningsrister og stativ oljet og malt.

Mann overbord utstyret er ettersett.

Hekkbåt

Skrog, årer, tiljer og tofter. Malt (linoljemaling) og oljet.

Vedlikehald av skrog

Fribord og skansekledning

Oljet og malt hele fribordet.

Røstjerna er banket og malt.

Skansekledning malt.

Ankerklyss og halgatt er rustbanket og malt.



Kva skulle me gjort utan Sjur med heisekrana?